

UTVANDRARJUBILEET

Biletoversyn

1. Til jol 1945 kom det jolegåver frå slektingane. Eg fekk dette flyet, fylt av sukkertøybomber. Det er framleis i original stand, bortsett frå at sukkerkulene har bleikna.
2. Kart over USA frå 1825 og eit frimerke av Cleng Peerson frå 1947. Det er ei veke sidan jubileet og mange har sikkert hørt mykje om det i det siste. Eg må kome med nokre sentrale knaggar, elles nemne nokre sentrale Nord-Trønderar frå utvandringshistoria. Deretter vil eg bruke egne opplevingar og egne slektingar som eksempel på det generelle biletet og forholde deira til sentrale norsk-amerikanske institusjonar.
3. 4. juli 1825 segla sluppen Restauration frå Stavanger med 52 personar ombord, mest kvekerar som søkte eit land med religionsfridom. Dette var starten på den organiserte utvandringa til Amerika
4. I åra etter var det knapt tale om organisert utvandring før snåsningen Ole Rynnig reiste i 1837. Han var presteson, fødd i Ringsaker. Han blir hugsa for den vesle boka «Sandferdig beretning om Amerika» ei bok på 37 sider. Året etter reiste ein annan kjent nordtrønder, Hans Barlien.
5. På 1840 og 50-talet tok utvandringa seg opp, ein kan tale om den fyrste utvandringsbylgja. Ein av dei som reist i 1859 var prestesonen og presten Bernt Julius Muus frå Snåsa.. På denne tida gjekk mykje av den norske utvandringa til det sørlege Minnesota. Der var han prest, men der, i 1872 grunnla han St. Olaf College i Northfield, Mn.
6. Norsk-amerikansk litteratur. O. E. Rølvaag.
7. 1861 braut det ut borgarkrig i USA. Krigen mellom Sørstatane og Unionen rasa i fire år. Det var norske på både sider, men mest i unionshæren. I norsk samanheng er slaget ved Chickamauga mest kjent. Slaget var eit av dei mest katastrofale for Unionen, også for 15. Wisconsin der sjefen H. C. Heg vart dødeleg såra.
8. I 1862, midt under krigen, kom ei viktig og kjent lov, Homestead Act. Det vart utdelt gratis land til nybyggjarar på prærien frå Minnesota og vestover. Dette utløyste ei stor immigrasjonsbylgje så snart krigen var slutt. Bylgja nådde toppen i 1880-åra.
9. I 1889 og 1890 reiste brørne Oluf og Bernt Saurasunet frå Egge til onkel John (Trana) i Valcott Nd. Dei vart ikkje verande på prærien.
10. Oluf slo seg ned på Bainbridge Island vest for Seattle. Han skreiv at han greidde seg betre på eit småbruk der enn på ein stor farm på prærien. Det kan nok stemme, etter kvart som avlingane vart større og større fall kornprisane.
11. Bernt fekk plass på det nyopna Concordia College i Morhead, Mn. Der utdanna han seg til lærar.
12. Bernt vart lærar i Paulsbo, ein av dei norskaste byane i USA. Han var ein ivrig og dyktig brevskrivar. Brev til systera Ane har vi. Då han døydde i 1959 vart det slutt på kontakten med gamlelandet. Eg spora opp att familien i 1986, året etter var vi i gullbryllapet til dottera Ester Arbora og mannen hennar, fotballspelaren Max Starceвич.
13. Bernt under si einaste Noregsreise i 1900 og heimen i Silverdale på kysten av Hood Canal.
14. Brev, etter kvart også med bilete, kunne fortelja om kor godt det gjekk med utvandarane i Amerika. Dette biletet kom frå Gullik Nordtorp frå nord i Minnesota. Litt spesielt er huset bygd på norsk vis med meddrag.
15. Decorah i Iowa er på mange måtar den norske hovudstaden i USA. Sørlege Minnesota og nordlege delar av Iowa var sentrum i den norske busettinga i 1850-åra. Mange bygder her var nesten heilt norske, og ikkje berre det, prega av folk frå same bygdelag. Eg har opplevd 2 og 3 generasjonsamerikanarar her med bygdemål frå Gudbrandsdalen, Hallingdal og Valdres.
16. Luther College i Decorah er den eldste av dei norsketablerte colllega, etablert alt i 1861. Det var viktig for innvandarane å få utdanna lærarar og prestar. Skule og kyrkjebygging var også høgt prioritert. I 1985 kom eg dit med eit foredrag til ei Scandinavian immigration conference.

17. Det som no heiter Vesterheim Museum og Library kom nokre år etter, i 1877, som ei underavdeling av Luther College. Den fyrste faglege kontakten med museet fekk eg i Maihaugen-tida mi i 1973. Seinare held eg denne kontakten nesten så lenge eg var i arbeid.
18. Den største jobben var å skaffe museet eit norsk hus til samlinga. Det vart ei stogo frå Moahaugen i Øystre Slidre. Huset sto gjenreist i Decorah til jubileet for 50 år sidan. Her står ho i tun med Koren-huset, eit typisk præriehus, bygd av lauvtre og tetta med leire.
19. Endeleg ein haustdag i 1985 sto eg saman med slektningen min, Duane Hedahl, utanfor Moaheugstogun på Vesterheim, det som no er Norway-house.
20. Inne i Korenhuset kan vi få eit inntrykk av korleis dei budde på prærien for nestne 150 år sidan, Interiøret er ei blanding av ting dei hadde med seg, men mest det dei laut skaffe seg der.
21. Det kom ut mange norske og nordiske aviser i Amerika. Bestemor fekk Decorahposten i mange år, eg trur kanskje det held fram også etter krigen. Vekeavisa kom ut frå 1874 - 1972. På veggen hang Fadervår som var eit vedlegg i DP ein gong.
22. Bestemor emigrerte i juni 1904. Oldefar hadde alt 3 brør og ei syster der. Her er dei fire brødrene og kjerringane deira. Han fekk kjøpt garden til broren Knut som hadde skaffa seg ny claim.
23. Her er garden til oldeforeldra mine. Biletet hang på veggen hjå bestemor. Oldemor levde nokre månader inn i mi tid. Ingen i familien tok over garden, men mange budde framleis i grannelaget.
24. I 1987 var uthusa for det meste borte, men det budde folk i huset
25. Eg fekk ein titt inn. Seinare har hudet brunne ned.
26. Emigrantkistene hans oldefar finst framleis på grannegarden som broren Knut rydda.
27. Almer, syskenbarnet til besemor, var den siste gardbrukaren i familien. No er ikkje garden lenger i aktiv drift. Dei fekk den gongen eg var derbetalt for å så alfaalfa som dei pløgde ned.
28. Oldfar var, som kista viste, ein habil bygdamålar. To av sønene starta målarforretning i Minot.
29. Målartradisjonen gjekk vidare i familien. I 1972 besøkte vi to i neste generasjon i Seattle, den yngste hadde hatt ei leidande stilling i målingdivisjonen i Boeng. Han tok oss med til Boeng-museet.
30. Fram mot borgarkrigen reiste dei fleste med seglskip over havet. Etterpå kom dampbåtane for fullt. Tidleg på 1900-talet reiste dei fleste med Montebello eller Angelo til Hull, så med tog til Liverpool der atlanterhvsdamparane tok over.
31. I 1907 reiste morfar min og vart borte eit par år. Han reiste fyrst med Montebello, frå Liverpool til NY med RMS Umbria, skipet eksisterte frå 1884 - 1910 og hadde på slutten av 80-talet Blue Ribbon, raskaste båt over Atlanteren.
32. Eg skal ikkje dvele mykje ved historia hans, men han starta på Dakota-prærien der han mellom anna var med på harvesten. Han fortalde om noko dei kalla combinder. Eg forsto ikkje det ordet den gongen, men eg har sinare funne ut kva det dreia seg om.
33. I 1987 fekk vi sjå harvesten heilt vest på prærien i Montana. Det gjekk med mindre mannskap no, men det er truleg stadig entreprenørane som gjer jobben.
34. Det var ikkje alle utvandrarane det gjekk bra med. Den 26. april 1901 gjekk oldefar Tomas Hamre ombord i Angelo i Kristiania på veg til Minnesota. Frå Hull til Liverpool gjekk det tog. Frå Liverpool reiste han med White Star Line SS Majestic og ga opp at målet var Granite Falls, Minnesota. Seinare kom det brev om at han var omkomen. Berit sat att med 4 ungar og ein forgjelda gard. I bygda gjekk det rykte om at Tomas levde, og hadde rymt frå vanskane heime.
35. Kva båt farmor og familien reiste med, har eg ikkje funne ut. Denne reklameplakaten fann eg bak på ein spigel som bestmor hadde. Truleg var det båten ho kom heim med etter to år. Ho hadde kjærast her.
36. På slutten av det fyrste tiåret på 1900-talet auka motstanden mot utvandring. Under verdsutstillinga i Seattle i 1909 var oberst Henrik Angell der for å lokke norske emigrantar heim att. Morfar var ein av dei som reiste heim att. Angell var også ein idrettleiar. Statuen, utført av Gustav Lærum står i Holmenkollen.

37. Eit tema var viktig for dei norske i USA, kyrkja. Dei fyrste utvandrarane flykta frå den norske kyrkjelege intoleransen, dei fleste av dei seinare prioriterte kyrkja og kyrkjebygging høgt, men noko av intoleransen hadde dei nok med seg. Gudbrand Beito sa det slik: - og so var det katolikka der. Dei kalla presten før far - og det var no 'kji førdi, han var nok far åt mange tå dei med». Dette kapitlet har eg hoppa over, men eit døme må få plass. Til verdsutstillinga i Chicago i 1893 leverte Chr. Thams ei «stavkyrkje» teikna av arkitekt Waldemar Hansteen. 50 år seinare kom kyrkja til museet Little Norway i Wisconsin. I 2012 vart det slutt der. Då vart det sett i gang ein aksjon for å få kyrkja heim att. Endå ein tilbakevandrar!.
38. Det vanlegaste var at tilbakevandrarane hadde med seg pengar og idear. Foredraget mitt på Luther handla mellom anna om den amerikanske påverknaden på norsk byggeskikk. Dette sanatoriet vart bygd av ein tilbakevandrar på 1890-talet. Det kunne like gjerne stått ved Mississippi.
39. Tidleg på 1900-talet auka motstanden mot utvandringa her i landet. Eit av mottiltaka var bureising. Deet fyrste bureisingsbruket kom i Nærøy, NT i 1912, Bjørndalen. Mor og far vart også bureisarar, og held fram mde det jamvel om far ein gong fekk invitasjon frå tanta si om å overta gard i Minnesota. I 1924 stengde USA portane for masseinnvandring.